

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 24/2010

Møtedato: 28.4.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Klage over fjellstyrevedtak 7/10: F 530, Nørre Gilen – tvist om gjerde

Torger Hålien har klaga over fjellstyret sitt vedtak 7/10 der fjellstyret godkjente endra inngjerding av F530 på Nørre Gilen.

Utvising av tilleggsjord er regulert i § 20 i stølsforskrifta. Dette dreiar seg ikkje om utvising i tradisjonell forstand, men er å rekne som mindre grensjustering. Godkjenning av inngjerding skal i følgje stølsforskrift godkjennast av Statskog. Det er ein lokal praksis at Statskog har delegert slik godkjenning av mindre gjerdeendringar til fjellstyret. Statskog har ingen merknader til saksgangen i denne konkrete saka.

I sak 7/10 gjorde fjellstyret vedtak om at ein godkjente endra inngjerding av tilleggsjord til Sigrid og Knut Rognes. Torger Hålien har klaga over fjellstyret sitt vedtak.

I sak 16/10 vedtok fjellstyret å utsetja saka.

Oppsummering av saka:

- Det er opplyst at goto frå gammalt var ferdsselsveg til stølpane på Gilen og dei som hadde stølar lengre inn, heilt inn til Strø.
- Det vart opparbeidd ny veg til Strø langs M.Syndin og ny veg opp til stølpane til Bakke og Hålien. Det er ulike opplysningar når dette skjedde. Den gamle ferdsselsvegen ber ikkje preg av særleg mykje kjøring med traktor. Bil er det neppe mulig å kjøre der. Opparbeiding av ny veg til Bakke og Hålien kan derfor ha skjedd når det begynte å bli vanleg med traktor og bil.
- I 1961 viste fjellstyret ut tilleggsjord til Robøle. Det er inngjerding av dette arealet som det no er tvist om. Det er usikker når arealet vart dyrka opp, men sannsynlegvis på slutten av 70-talet.
- Landbrukskontoret har utarbeidd dyrkingskart der bekken er teikna inn på yttersida av jordet. Dato for utarbeiding av dyrkingskartet er ukjent, om det var ved utvising av arealet eller ved oppdyrkning. Både Statskog og fjellstyret har konkludert med at dyrkingskart utarbeidd av landbrukskontoret er uvesentleg, det er utvisingsdokument som er avgjерande.
- 1998 klaga Hålien på at Rognes hadde gjerdet inn for mykje inn i goto. Fjellstyret målte arealet opp på nytt og fann ikkje vesentleg avvik frå utvisingsdokument i 1961.
- I 2001 vart saka teke opp på nytt. Det var gjennomført befaring og ein kom fram til eit forlik der begge partar gjerde ut litt på den smalaste delen av goto. I ettertid ville ikkje Hålien skrive under på forliket.
- I 2009 klaga Hålien på at gjerde var flytta 40 cm inn i goto på det smalaste. Arealet utgjer maksimalt 1 m².
- Fjellstyret bad partane om uttale der ein m.a. bad om grunngjeving kvifor gjerdet var flytta og kvifor det var behov for å bruke goto når det var opparbeidd ny veg til stølpane til Hålien og Bakke.
- Rognes grunngav flyttinga av gjerde fordi flaumen tok gjerdet og han måtte bygge opp sikringsvoll.
- Hålien grunngav kravet om tilbakeflytting av gjerdet med at det var for smalt å kjøre med traktor og at vegen må takast vare på som kulturminne.
- I sak 7/10 gjorde fjellstyret vedtak der ein godkjente utviding av arealet og at fjellstyret rekna ikkje goto som kjøreveg jf. lov om motorisert ferdsel.
- Hålien har den 4.3.10 klaga over fjellstyret sitt vedtak. Grunngjeving for klagen er litt uklar, men hovudtrekk er at utvisinga ikkje er samsvar med dyrkingskart og han meiner at Rognes si grunngjeving for behovet for sikring mot flaum ikkje har noko med saka å gjera.

Klage kan reisast av part eller annen med rettsleg klageinteresse. Det er usikkert om Hålien har klagerett i denne saka. Ingen har hevdat at ferdsel for folk og fe er problem i saka og fjellstyret kan heller ikkje sjå at dette er noko problem. Sidan Hålien ikkje har meir praktisk nutte av goto enn at folk og fe kan gå der, kan det reisast spørsmål om han har interesser som gjer at han har klagerett. Om fjellstyret gjer vedtak om at Hålien ikkje har klagerett, vil vedtaket kunne klagast over. Saka må då til SLF for avgjær uansett og saksgangen blir berre forlenga.

Etter forvaltningsloven skal fjellstyret oversende saka til Statens landbruksforvalting (SLF) for avgjerd om fjellstyret ikkje gjer om sitt vedtak. I følgje merknader til § 26 i stølsforskrifta skal klagen sendast via Statskog.

I klagen frå Hålien er det ikkje kome fram nye vesentlege opplysningar for saka.

Etter fjellstyret sitt syn er dette ei sak som ikkje burde løyst som klagesak og vil på nytt oppmode partane om følgje forlik som vart skissert under befaring i 2001.

Vedtak:

Fjellstyret er i tvil om Hålien har klagerett, men har behandla saka ut frå at har klagerett. Fjellstyret finn ikkje at det er lagt fram opplysningar i klagen som gjer at ein kan endre tidlegare vedtak. Saka blir oversendt til SLF for å avgjera klagerett og ev. endra inngerding.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 30.4.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Torger Hålien, 2973 Ryfoss
Sigrid og Knut Rognes, 2973 Ryfoss
SLF via Statskog v/distriktsansvarleg